

Straume, 6.januar 2017

## **Høyring på ny rammeplan frå barnehagane i Fjell kommune**

Barnehagane i Fjell kommune er særleg nøgd med rammeplanen si presisering av at alle handlingar og avgjerder skal ha barna sitt beste som grunnleggande omsyn, og at dette skal vera eit overordna prinsipp for all barnehageverksemd.. Fokus på barn og barndom, og at barndom har sin eigen verdi kjem tydeleg fram i den nye rammeplanen.

Vi ser også at verdigrunnlaget for barnehagen vert spegla gjennom heile planen, som t.d. livsmestring og helse / mobbing / sosial kompetanse, språk / sette ord på kjensler m.m.. At barnehagen sitt personale får eit tydeleg ansvar for barnet si psykiske og fysiske helse vil vi også halde fram som positivt. Barn og føresette skal vera trygge på at dei tilsette i barnehagane har eit tydeleg fokus på korleis dei skal arbeide med dette. Viktig at ordet mobbing er teke inn i rammeplanen.

Det er også positivt med auka fokus på tilvenning av barn i barnehage, særleg i høve dei minste barna.

Barnehagane i Fjell kommune har kommentert ulike delar av planen:

### **1. Rolleavklaring kapittel 6**

Vi ser det som positivt at ansvaret hos dei ulike aktørane i sektoren er presisert i føresegna. Det er tydeleg kven som har ansvar for det profesjonelle pedagogiske innhaldet i barnehagen. Det overordna prinsippet om barnet sitt beste må gje pedagogen fridom til å velje inn og velje vekk kor han / ho har fokus i det pedagogiske arbeidet. Vi liker også at både verdigrunnlag og krav til pedagogisk leiar i stor grad liknar på krava til kontaktlærer i grunnskulen.

Vi saknar kva krav og ansvar som kan stillast til fagarbeidarar og ufaglærte i barnehagane. Denne gruppa utgjer i dag meir enn halvparten av dei tilsette i barnehagane, og er ein sær sars viktig ressurs.

Det bør vera same krav til samarbeid frå pedagogisk leiar til styrar som frå styrar til pedagogisk leiar.

## 2. Fagområda

Når ein les om fagområda i framlegget til rammeplan, ser det ut som det er lite rom for at den einskilde pedagog kan ta egne val i høve pedagogisk praksis. Vi ønskjer ei presisering på at pedagogen har handlefridom ut frå barnehagen sin årsplan, kva barnegruppe ein har, geografi m.m..

## 3. Vurderingsarbeid

Den gamle rammeplanen var tydelegare på mandatet for vurderingsarbeidet, og at vurderingsarbeidet skal vera ein viktig del av barnehagen sin årsplan. Kva ein skal vurdere, korleis, deltakarar og tidspunktet for vurderingsarbeidet. Dette er eit av områda det trengs meir informasjon om og kompetanse på.

## 4. Samarbeid heim – barnehage

Barnehagane i Fjell kommune er positive til at samarbeid barnehage – heim er blitt ein så viktig del av planverket. Det er eit ønskje å få foreldre meir på banen i høve mange område av barnehagen sitt arbeid og drift. Men vi meiner det er for stort rom for tolking i den nye rammeplanen på kor stor innverknad foreldre skal eller kan ha på barnehagen si heilskaplege tenking og pedagogiske retning og drift. Det kan bli konflikt mellom føresette og barnehage på vurdering av kva som er barnegruppa sitt beste, og her kan det også bli problematisk i høve teieplikt. Vi ønskjer ei tydelegare konkretisering på kva samarbeid mellom barnehage og heim eigentleg inneber for barnehagepersonalet.

## 5. Årsplan for barnehagane.

Her ønskjer vi at rammeplanen er meir tydeleg på kva som skal vera med i barnehagen sin årsplan, og kva krav som blir stilt til innhaldet. Dette vil særleg gjelde i høve vurderingsarbeidet.

Regjeringa har bede høringsinstansane uttale seg spesielt om følgjande punkt:

- Vil framlegget til ny rammeplan fungere som eit tydelegare styringsdokument?

*Planen er blitt eit tydelegare styringsdokument, men den stiller store krav som kan/ bør få innverknad på økonomi, personalressursar, kompetansekrav*

- Vil framlegget til ny rammeplan fungere som eit vel egna arbeidsdokument for barnehagepersonalet?

*Barnehagane i Fjell kommune meiner at framlegget til ny rammeplan vil vera eit godt egna arbeidsdokument for personalet om det blir teke omsyn til lokal handlefridom. Barnehage-Noreg er mangfaldig, og det mangfaldet må speglast i den einskilde barnehage sin årsplan og pedagogiske praksis*

- Vil framlegget til ny rammeplan ivareta barnehagen sitt breie samfunnsmandat?

*Samfunnsmandatet til barnehagane er tydeleg i den nye rammeplanen. Det er lite rom for tolkingar på kva oppgåver barnehagen skal ha og stette, og det er positivt.*

- Kva delar av rammeplanen bør utdjupast i rettleiingsmateriell?

- *Vurderings- og dokumentasjonsarbeid*
- *Overgangar og tilvenningar*
- *Mobbearbeid*
- *Barn sin psykiske helse – emosjonell utvikling, hjerneforskning, samspeismønster m.m..*

Det blir stilt store krav til dei tilsette når ny rammeplan skal takast i bruk. Det er viktig for sektoren at det blir sett av tid og pengar til skulering slik at gjennomføring av endringar i ny rammeplan blir gode og at de blir tekne i bruk.

På vegne av barnehagane i Fjell kommune,

Irene Solem Hansen, pedagogisk konsulent barnehagekontoret